

Kontrollutvalet i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterommet på kommunehuset
Dato:	23.04.2015
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	2 / 2015

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
7/15	Godkjenning av protokoll frå møte den 15. januar 2015
8/15	Uttale til årsrekneskapet for 2014
9/15	Skatterekneskapet for 2014 med kontrollrapport frå Skatteetaten
10/15	Oppfølging av rapport: Kvalitet i Pleie og Omsorg
11/15	Rekneskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31.12.14
12/15	Bestilling av overordna analyse
13/15	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet
14/15	Statusoversikt pr. april 2015

Referatsaker/meldinger

Periode:		15.01.2015 - 23.04.2015
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
4/15	13/00213-25	Utviding av kontrollutvalet frå tre til fem medlem frå kommunestyrevalet 2015
5/15	13/00213-26	Kontrollutvalet i Forsand si årsmelding 2014
6/15	14/00006-4	VS: Oppdragsavtale

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile , må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentliggjerjing i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/ varamedlemmer.

Forsand, 17.04.2015

Inger Anita Merkesdal
Leder av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

7/15 Godkjenning av protokoll frå møte den 15. januar 2015

Arkivsak-dok. 13/00014-17
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	7/15

Protokollen frå møtet den 15. januar 2015 vart lagd fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte den 15. januar 2015.

SANDNES, 03.02.2015

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Protokoll Kontrollutvalet i Forsand 15.01.2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

8/15 Uttale til årsrekneskapet for 2014

Arkivsak-dok. 13/00113-26
 Arkivkode. 210
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	8/15

Bakgrunn

I følge forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet gje ein uttale om kommunen sin årsrekneskap til kommunestyret. Uttalen må gis slik at formannskapet kjenner til den før dei gir innstilling til kommunestyret om årsrekneskapen.

Etter forskriftas § 8 skal òg kontrollutvalet sjå til at revisjonen sine merknader til rekneskapen (i revisjonsberetning og årsoppgjersnotat) vert følgt opp.

Som tidlegare år er årsrekneskap og årsmelding sendt ut frå kommunen. Revisjonsberetning og revisjonen sitt årsoppgjersnotat ligg som vedlegg til denne saka.

Forsand Elverk KF sitt rekneskap er ein del av kommunen sin årsrekneskap, og blir i år handsama i same sak som kommunen. Som kommunalt føretak er Forsand Elverk KF underlagt same tilsyn frå kontrollutvalet som kommunen, og kontrollutvalet har difor same rett til å knytte kommentarar til denne rekneskapen, som dei har til kommunerekneskapen.

Saksutgreiing

Saka omfattar Forsand komme sin årsrekneskap og årsmelding samt det kommunale føretaket Forsand Elverk KF.

Forsand kommune

Det framlagte regnskapet for 2014 viser 142,1 mill. kr til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 495 3312,- Netto driftsresultat er på 3,47 mill kr, som utgjer 1,95 % av driftsinntektene.

I årsmeldinga kommenterer rådmannen rekneskapen for 2014, der han mellom anna skriv:
«Driftsrekneskapet for 2014 syner et meirforbruk på kr 115.000. Dette er et akseptabelt resultat og i tråd med prognosane frå tertialrapporteringa. Med bakgrunn i rekneskapsresultatet frå 2013 var målet å redusere kostnadsnivået i 2014 slik at det blei samsvar mellom rekneskap og budsjett.»

Revisjonsberetning og andre merknader frå revisor

Rogaland Revisjon IKS har gitt standard revisjonsberetning for 2014 med følgjande merknad under andre forhold: «Investeringsutgifter er budsjettet til kr 29 516 000, mens de faktiske utgiftene ble på kr 16 507 000. Investeringsbudsjettet burde ha vært justert tilsvarende.»

Revisor peikar i årsoppgjersnotatet at netto driftsresultat i 2014 er vesentleg lågare enn 2013. Dette heng saman med netto gevinst på finansielle omløpsmidlar.

Etter revisor si vurdering er internkontrollen i kommunen tilfredstillande. I sin gjennomgang av internkontrollen har ikkje revisor avdekt vesentleg forhold.

Kommunale føretak:

Kontrollutvalssekretariatet har òg motteke rekneskap m/revisjonsmelding og årsmelding for Forsand Elverk KF.

Rekneskapen til **Forsand Elverk KF** for 2014 visar netto årsoverskot etter skatt på 4,84 mill. kr. Dette vert føreslått disponert med at 3 mill. kr vert sett av til utbytte til kommunen medan resten på 1,84 mill vert overført til eigenkapital. Forsand Elverk KF har høg eigenkapitalandel på 82 %.

Revisor har gitt standard revisjonsmelding for 2014. I årsoppgjernet vurderer revisor intern kontrollen som god men peikar på at føretaket er sårbart i forhold til nøkkelpersonell. Det er avdekka nokre feil knytt til lov om offentlege anskaffingar og føretaket bør strama opp sine rutinar knytt til dette. Revisor er elles av den oppfatning at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lover og forskrifter, og har ingen kommentarar til budsjett og årsmelding.

Avsluttande kommentarar

Rådmannen og økonomisjefen er invitert til å orientere for å orientere om kommunen sin årsrekneskap og årsmelding. Dagleg leiar Kjell Inge Bjørheim og økonomileiar Solveig E. Larsen i Forsand Elverk KF er invitert til å orientere om Elverket si årsmelding og årsrekneskap. Det vert elles vist til utsendte dokument og orientering gitt i møte.

Revisjonsberetning saman med årsoppgjersnotat dannar grunnlaget for den eventuelle oppfølginga kontrollutvalet må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Det ingen merknader i revisjonsberetning eller årsoppgjersnotat som krev oppfølging frå kontrollutvalet si side.

Kontrollutvalet må vurdere om det i tillegg er forhold i rekneskapet dei vil kommentera i si uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orientering gitt i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand har ingen kommentarar til det framlagde årsrekneskapet ut over det som går fram av revisor sitt oppgjørsnotat og revisjonsberetning.

Kontrollutvalet i Forsand har ingen kommentarar til det framlagde årsrekneskapet ut over det som går fram av revisjonsberetning 2014.

SANDNES, 17.02.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Jane D. Idland
Saksbehandlar

Vedlegg:

[Revisjonsberetning 2014 Forsand Elverk](#)

[Årsoppgjør 2014 Forsand Elverk](#)

[Årsrapport 2014 Forsand Elverk KF](#)

[Revisjonsberetning 2014](#)

[Årsoppgjørsnotat 2014](#)

[Årsrekneskap 2014 Forsand kommune](#)

[Årsmelding 2014 Forsand kommune](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

9/15 Skatterekneskapet for 2014 med kontrollrapport frå Skatteetaten

Arkivsak-dok. 13/00100-14
 Arkivkode. 232
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	9/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet har motteke "Årsrapport 2014" frå skatteoppkrevjaren i Forsand, og "Kontrollrapport 2014 vedrørande skatteoppkrevjarfunksjonen i Forsand kommune", frå Skatteetaten (sjå vedlegg). Kontrollrapporten er sendt til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet.

I tråd med uttale frå Skattedirektoratet i 2004, vert skatterekneskapen lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret til orientering. Skatteoppkrevjar er invitert til å orientere i møtet.

Saksutgreiing

Skatterekneskapen for 2014 synar ein samla skatteinngang på 147,7 mill. kr. Av dette er kommunen sin del av skatteinntektene 46,4 mill. kr. Den kommunale skatteinngangen auka med 3,6 % i 2014.

Restansane var ved utgangen av 2014 på 1,9 mill. kr. Dette er ein oppgang på 0,1 mill. kr i høve til i fjor.

Det er gjennomført arbeidsgjevarkontroll på 5 % av arbeidsgjevarane i Forsand kommune, noko som inneber at resultatkravet er nådd.

Skattekontoret har ved kontrollhandlingar i 2014 gitt pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 22.05.2014 og 24.10.2014. Ved kontroll av ordninga med arbeidsgjevarkontroll er det sendt inn rapport til Stavanger kemnerkontor, med kopi til skatteoppkrevjaren i Forsand. Skatteetaten har elles ingen spesielle merknader.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek skatterekneskapet for 2014 med kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

Saka vidaresendast kommunestyret til orientering.

SANDNES, 13.02.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Årsrapport 2014 frå Skatteoppkrevjaren](#)

[Kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

10/15 Oppfølging av rapport: Kvalitet i Pleie og Omsorg

Arkivsak-dok. 13/00327-12
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
I Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	10/15

Bakgrunn

Kommunestyret behandla i møte den 24.09.14 forvaltningsrevisjonen «Kvalitet i Pleie og Omsorg» og fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret i Forsand tek rapporten «Pleie og omsorg» til orientering. Rapporten vidaresendast rådmannen for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

I rapporten kom revisor med følgjande anbefalingar til kommunen:

- Å prioritere arbeidet med en helhetlig plan for kommunens helse- og velferdstjenester, blant annet med å analysere innhold og effekter av dagens tjenestetilbud.
- Vurdere eventuelle fordeler og ulemper ved tettere samarbeid mellom helse og sosial og pleie og omsorg eller å slå disse to seksjonene sammen. Det kan ha et potensiale til innsparing og effektivisering.
- Vurdere et tettere samarbeid mellom Forsand og nabokommunene på flere områder innen pleie og omsorg.

Saksutgreiing

Rådmannen har i brev av 27.03.2015 gitt tilbakemelding på korleis rapporten er fylgt opp, sjå vedlegg.

I sitt svar gjør rådmannen reie for kva tiltak som er sett i verk i forhold til dei ulike anbefalingane:

- Kommunen har nyleg omorganisert, og flytta avdelinga funksjonshemma ut frå helse- og sosialsektoren, og innført områdeansvarleg som har ansvar for å tenkje heilskap mellom einingane. Siktemålet er «å styrke muligheten for å finne gode løysingar på tvers av seksjonsgrensar.»
- Rådmannen kan ikkje sjå kva kommunen kan oppnå ved lage ein heilskapleg plan for helse- og velferdstenestar.
- Forsand kommune har samarbeid med Strand og Hjelmeland på fleire områder innan helse- og omsorgstenestar, bl.a. legevaktteneste, akuttnødmeldeteneeste, Pasienten rett heim og velferdsteknologi.
- Det blir arbeidt med å få til eit interkommunalt samarbeid om etablering av øyeblikkeleg hjelp sengeplass knytt til samhandlingsreforma. Saka skal til politisk behandling.
- Kommunen vurderer fortløpande samarbeid med andre kommunar ved behov.

Rådmannen har svart på alle anbefalingar i rapporten. Vi viser elles til rådmannens svarbrev.

I følge kontrollutvalgsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligger ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i det konkrete tilfellet, da dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten «Kvalitet i Pleie og Omsorg» til orientering.

Melding om oppfølging sendast kommunestyret til orientering.

SANDNES, 03.02.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Jane D. Idland
Saksbehandlar

Vedlegg:

[Oppfølging av FR Pleie og omsorg](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

11/15 Rekneskapsoppfølging kontroll og tilsyn pr. 31.12.14

Arkivsak-dok. 13/00144-25
 Arkivkode. 212
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	11/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter føreskrift om kontrollutval § 18 lage fremme forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Dette fører til at kontrollutvalet òg har ansvar for å fylgje opp rekneskapen på området.

Kontrollutvalet får rapport om rekneskapen kvart tertial. Rekneskapen som vart lagt fram i dette møtet er for heile året og skal stemme med kommunen sin årsrekneskap.

Saksutgreiing

Til dette møte legg me fram rekneskapsrapport pr. 31.12.2014. Rapporten er laga ut frå oversiktar sekretariatet har motteke frå kommunen og Rogaland Revisjon.

Rapporten visar at det er brukt i alt kr 565.470,- på kontroll og tilsyn i 2014, som utgjer 84,1 % av budsjettramma. Mindreforbruket er i 2014 på i alt kr 106.530

Hovudtyngda av mindreforbruket, kr 81.700,-, ligg på utgifter til kontrollutvalet, der det ikkje er blitt ført godtgjersle til politikarane. Kontrollutvalet har i 2014 ikkje delteke på kurs, og dei har heller ikkje nytta noko av reserven som ligg i budsjettet.

Kjøp av sekretariatstenester er som budsjettert.

Når det gjeld kjøp av revisjonstenester er omtrent som budsjettert, med eit lite mindreforbruk. Revisjonen kommenterer tala sine slik: *«I regnskapsrevisjonen er årsoppgjørsrevisjon 2013 gjennomført og interimrevisjonen for 2014 på det nærmeste avsluttet. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for 6 terminer. Blant særattestasjonar kan nemnes bekreftelse av tilskudd til ressurskrevende brukere og antall psykisk utviklingshemmede som de mest tidkrevende. Innen forvaltningsrevisjon er et prosjekt inne n pleie og omsorg levert sommer 2014.»*

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rekneskapsoppfølging for kontroll og tilsyn pr. 31.12.14 til orientering.

SANDNES, 12.01.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Regnskap kontroll og tilsyn pr. 31.12.2014](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

12/15 Bestilling av overordna analyse

Arkivsak-dok. 14/00006-5
 Arkivkode.
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	12/15

Bakgrunn

Føreskrift om kontrollutval §§ 10 og 13 pålegg kontrollutvalet å utarbeida nye planar for forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll for kvar kommunestyreperiode. Planane skal utarbeidast mellom anna med bakgrunn i ein overordna analyse av kommunen

Saksutgreiing:

Den overordna analysen skal basera seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av Forsand kommune, inkl. analyse av kommunens eigarskap. Analysen kan for øvrig og vera eit nyttig verktøy for kommuneadministrasjonen i forbindelse med eige plan- og utviklingsarbeid.

Det vert føresett at analysen ligg føre til kontrollutvalets første møte i 2016, slik at den ligg til grunn når det nyvalde kontrollutvalet starter sitt arbeid med utarbeiding av det nye planverket.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand ber revisor om å utarbeide ein overordna analyse av Forsand kommune som skal ligga til grunn ved utarbeiding av nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i Forsand etter valet hausten 2015.02.20

Analysen skal leverast til kontrollutvalet sitt første møte i 2016.

SANDNES, 20.02.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

13/15 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet

Arkivsak-dok. 14/00006-6
 Arkivkode.
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	13/15

Bakgrunn

Den inneverande perioden i kontrollutvalet er nå inne i det siste året. I den samanheng er det ønskeleg at kontrollutvalet summerer opp sine erfaringar og diskuterer arbeidsmåtar og elles arbeidet i kontrollutvalet.

Saksutgreiing

Det vert lagt opp til både ein diskusjon om erfaringar og om arbeidsmetodar i kontrollutvalet. I tillegg vert det og invitert til ein diskusjon rundt administrasjonen (sekretariatet) si rolle.

Dersom kontrollutvalet ønskjer det, vil sekretariatet samanfatta det som vert diskutert i eit notat som kan leggjast fram for det nyvalde kontrollutvalet, som eit ledd i opplæring og erfaringsutveksling.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til samanfatta notat i saka, og ber om at sekretariatet bringer kontrollutvalet sine synspunkt vidare til det nye kontrollutvalet som vert valt hausten 2015.

SANDNES, 23.02.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

14/15 Statusoversikt pr. april 2015

Arkivsak-dok. 13/00087-26
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	23.04.2015	14/15

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Til dette møte er det følgjande endringar.

- Oppfølging av forvaltningsrevisjon «Pleie og omsorg» er klar til behandling.
- Bestilling av overordna analyse.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt pr. april 2015 til orientering.](#)

SANDNES, 03.02.2015

Jane Døskeland Idland
 Førstekonsulent

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sine saker pr. april 2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

Referatsaker/meldingar

[4/15 Utviding av kontrollutvalet frå tre til fem medlem frå kommunestyre-valet 2015](#)

Arkivsak-dok. 13/00213-25
Arkivkode. 033

[5/15 Kontrollutvalet i Forsand si årsmelding 2014](#)

Arkivsak-dok. 13/00213-26
Arkivkode. 033

[6/15 VS: Oppdragsavtale](#)

Arkivsak-dok. 14/00006-4
Arkivkode.
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

[Saksliste](#)